

Lingalaks AS

Dato

Vår referanse:

Dykkar referanse:

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen
hfk@hfk.no

Søknad om utviding frå 2340 tonn til 3120 tonn MTB på lokalitet 12095 Bergadalen i Kvam herad

Lingalaks AS er eit lokalt familieeigd selskap og driv i dag blant anna lokalitet 12095 Bergadalen i Kvam herad. Lokaliteten er i dag klarert for ein MTB på 2340 tonn, og me søker no om å utvide lokalitets-MTB til 3120 tonn.

Behov for søknaden

Bergadalen er ein god lokalitet som med ynskjer å satse på. Me opplever i dag at ein når taket på lokalitets-MTB tidlegare enn ynskjeleg, med den konsekvens at ein må slakte fisk som kunne vakse seg større. Utvidinga vil ikkje innebære ei auke i antall fisk i merdane, men vert gjort for å auke slaktestorleiken på lokaliteten.

Me skuldar å gjere merksam på at ein slik omsøkt produksjonsauke på lokaliteten gjev rom for ein større produksjon og auka biomasse på lokaliteten, men samla MTB i drift på dei lokalitetane som er disponerte av Lingalaks vert den same som før. Det er fordi ein ikkje har høve til å overstige den samla MTB på selskapsnivå for dei lokalitetane som er i drift.

Den omsøkte lokaliteten er vist på vedlagte utsnitt av sjøkart og andre kartvedlegg i rapporten til Rådgivende Biologer AS (rapport nr 2810). Drifta vil føregå i anlegget slik det framstår i dag. Anlegget er plassert innanfor areal satt av til akvakultur i kommuneplanen til Kvam herad. Straumforholda ved lokaliteten syner gode høve for fisken, men mindre straum nedover i vassøyla. B-granskingar gjennomført ved brakklegging tydar samstundes på at lokaliteten har god evne til å handtere og omsetje dei organiske tilførslane som følgjer av produksjonen.

Rådgivende Biologer AS har på oppdrag frå oss gjennomført ei vurdering av den omsøkte oppdrettslokaliteten basert på kartstudiar, straummålingar og ei gjennomført C-gransking på lokaliteten (som m.a. inkluderer gransking av sediment og blautbotnfauna) og kjennskap til tilsvarende oppdrettslokalitetar. I rapport 2810 føreligg det ei område- og lokalitetsskilddring med verddivurdering og vurdering av verknader og konsekvensar for miljø av den omsøkte biomassen basert på undersøkingar på og rundt lokaliteten og i resipienten. Det er og gjort ei vurdering av verknader og konsekvens for biomangfald, naturressursar og samfunnsinteresser.

Det er gjort ei C-gransking i overgangssona til lokaliteten, som syner at lokaliteten si overgangssone får tilstand "moderat" på grensa til "god" under maks produksjon, medan B-granskingane ved lokaliteten syner gode tilhøve etter brakklegging, og at lokaliteten har god evne til rehabilitering.

Skandinavisk naturovervåking har på oppdrag frå Lingalaks AS og Tombre-gruppen gjennomført videoovervåking i Mundheimselva med det formål å registrere storleiken på gytebestanden. Rapporten er vedlagt i si heilheit og viser oppløftande resultat for sjøaure i elva.

Me vonar på ei snarleg og positiv handsaming av denne søknaden.

Vedlagt følgjer for lokaliteten ved Bergadalen:

- Utfylt søknadsskjema
- kvittering for betalt gebyr for den omsøkte lokalitetsauken på ein MTB, frå 2340 til 3120 tonn MTB ved Bergadalen (Kr 12 000)
- Rapport nr 2789: C-gransking ved lokalitet Bergadalen.

I rapport nr 2810 frå Rådgivende Biologer AS som gjeld den omsøkte lokaliteten finn ein:

- område- og lokalitetsskildring, inkludert djupnetilhøve i sjøområdet på og rundt lokaliteten
- skisse som viser plassering av det allereie godkjende anlegget med fortøyningsplan
- vurdering av verknader og konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunnsinteresser

Ein har også lagt ved:

- beredskapsplanar for anlegget
- dokumentasjon av IK systemet
- helsefråsegn for dei to siste utsett på lokaliteten

Når det gjeld behovet for ytterlegare konsekvensutgreiing i denne konkrete saka, meiner vi at denne saka er tilstrekkeleg opplyst og ikkje treng noko vidare konsekvensutgreiing.

I høve til Forskrift om konsekvensutgreiingar av 1. juli 2017 er det omsøkte tiltaket eit Vedlegg II tiltak som skal handsamast etter § 12 i nemnde forskrift. I høve til § 12 i forskrifta kan tiltakshavar be om at ansvarleg mynde avklarar om tiltaket skal konsekvensutgreiast eller sjølv foreta ei konsekvensutgreiing. Dersom eit tiltak vert rekna å kunne få vesentlege innverknad på miljø eller samfunn, og verknadene ikkje er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, skal ansvarleg mynde krevje tilleggsutgreiingar etter § 27. Krav om tilleggsutgreiing skal sendast forslagsstillaren innan fire veker etter fristen i høyringa av søknaden. I denne samanheng tilfredsstiller søknaden dei krav som gjeld for søknader om oppdrettslokaliteter i sjø, og verknaden av det omsøkte tiltaket på marint naturmangfald, naturressursar, friluftsliv og ytre miljø er og vurdert. Det er difor lite truleg at dette omsøkte tiltaket kan få vesentlege verknader på miljø, biologisk mangfald og samfunn, og vi vurderer det slik at denne saka ikkje treng nokon ytterlegare konsekvensutgreiing. Med den omsøkte utvidinga viser den vedlagte dokumentasjonen at lokaliteten framleis vil vere godt eigna til fiskeoppdrett.

Me vonar på ei snarleg handsaming av vår søknad.

Med venleg helsing
Lingalaks AS

Anita Stevnebø

Anita Stevnebø